

Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/630 - 14/16300

Saksbehandlar:  
Siril Therese Sylta  
Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:  
02.07.2014

## Oversending av klagesak til endeleg handsaming - gbnr 111/4 Skårnes

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF føremålet i kommuneplanens arealdel og frå byggeforbodet i 100 meters beltet langs sjø i plan- og bygningslova (pbl. ) § 1-8 for legalisering av oppført brygge. Bryggja er på omlag 43 m<sup>2</sup>, ca. 0, 25 m av bryggja stikk ut i sjø. Bryggja er oppført i tre.

Eigedommen ligg innanfor området for kommunedelplan for Lindåsosane, og er såleis omfatta av kommuneplanens arealdel 2003-2014. Eigedommen ligg i LNF område, og krev såleis dispensasjon frå arealføremålet for å kunne godkjennast som omsøkt.

Søknaden vart sendt til Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune til uttale. Det er ikkje motteke uttale i saka.

Søknaden vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte 05.03.2014, der følgjande vedtak vart fatta: *Lindås kommune gjev avslag på søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanens arealdel og frå pbl. § 1-8 for oppføring/legalisering av brygge med heimel i § 11-6 og § 1-8, jf. § 19-2.*

*Som grunngeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga*

Vedtaket er klaga på av tiltakshavar i brev motteke 14.04.2014. Klagen gjeld i hovudsak spørsmål kring bruk av korrekt planmateriale, usemje kring tiltaket sin verknad som privatiserande og likskapsprinsippet.

Klagen vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 18.06.2014, der Lindås kommune sitt vedtak datert 05.03.2014 vart oppretthaldt og klagen ikkje tatt til følgje.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd. Saksdokumenta er vedlagt.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Siril Therese Sylta på e-post [siril.sylta@lindas.kommune.no](mailto:siril.sylta@lindas.kommune.no) eller på telefon 56 37 51 62.



Med helsing

Siril Therese Sylta  
konstituert fagleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Klage på avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av bryggje - gbnr 111/4 Skårnes

Søknad om dispensasjon fra LNF føremålet dat. 04.11.2013

Situasjonskart

Oversiktsfoto 2003 og 2009

Søknad om dispensasjon frå pbl § 1-8 datert 16.10.2013

Søknad om dispensasjon frå pbl § 1-8 datert 16.10.2013.pdf med vedlegg

Søknad om dispensasjon for oppføring av brygge - gbnr 111/4 Skårnes

Klage på vedtak i sak 08/14 - gbnr 111/4 Skårnes

Klage på vedtak i sak 0814 i Plan og Miljøutvalget 05.03.2014

Stadfestar motteken klage på vedtak - gbnr 1114 Skårnes

Melding om vedtak i Plan- og miljøutvalet - gbnr 1114 Skårnes

Melding om synfaring

Førehandsuttale vedk søknad etablert flytebryggje - gbnr 1114 Skårnes - Spjotøyvegen (L)(20403)

Søknad om dispensasjon for oppføring av brygge - gbnr 1114 Skårnes

**Kopi til:**

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen	Postboks 12	5907	ALVERSUND
AS			
Gurly Sandal	Lyshovden 221	5148	FYLLINGSDALEN

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN